

Skalden frå Sæheim

Björgvin

Johs. M.L. Rydland var ein uredd stridsmann for det han meinte var rett og godt. Han hadde meiningar. Og han hadde mot å stå for dei. Det er lett å skjøna at for forkynnaren Rydland, var den kristne bodskapen det mest verdfulle. Det var dette som fyrst og fremst måtte formidlast. Men såg han noko som var til skade for folk og samfunn, som t.d. alkoholen, så stod han uredd fram og slo til lyd for fråhaldstanken.

I dag gjev me att diktet «Björgvin». For dei fleste ligg vel denne namnestriden langt tilbake. Og noko landsulukke ville det vel ikkje vera kva namn byen mellom dei sju fjella fekk. I så måte er det ingen stridssong, men Skalden frå Sæheim sin klare, enkle og klingande heilnorske måte å bera fram sitt syn på.

*Me helsar deg, Hordalands Björgvin,
i høgbarma sjutinde - famn --.*

*Der old-Noregs hovdingar ror inn
på løngskip med gullspir i stamn,
Der Kyrre din grunnmur læt byggja.
Og Hákon læt reiso sin häll ---
Der Sverre sitt folk vilde tryggja
mot utanlandsk fåre og vald.*

*Me saknar deg, eldgamle Björgvin,
i Hordalands fjellsterke famn.
Ein sudaustan-trælenatts slør vind
drog av med ditt heilnorske namn.
Umåteleg ovstor var skaden,
då norsk måtte vika for jydsk --,
Og Bergen vart namnet på staden --:
Eit halvblanda dansk-norsk og -Tysk.*

*No leitlar me framatt or tyne
vår vanvyrde ervegullskatt.
Og lyfter han oppatt for syne,
som sol etter skoddegrå natt.
Ein Glitretinds solstorm me strør inn,
frå fjellbrun til utarste hamn:
Til høgsetes atter med Björgvin,
I grav med det utlenske namn.*

Johs. M. L. Rydland